



Det er allereie gjort ein god jobb med rydding i Kvednavikjo, der det var vorte ei fantastisk panoramautsikt innover fjorden. Dette biletet vart teke like etter at ryddinga hadde starta i september i fjor. Men skogen står tett andre stader... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit godt sosialt tiltak som samstundes er viktig for turistar og andre er på gong i Kvinnherad: Ungdommar med rusproblem skal få arbeidserfaring med rydding av skog langs vegene. Prosjektet vart starta i fjor i eit samarbeid mellom kommunen, grunneigarane og Skogeigarlaget Vest men nå manglar det folk og midlar til å følgja det opp.

I Uskedalen vart det gjort ein god jobb ved Kvednavikjo, men det gjeld å komma vidare også her. Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling har laga ein registrering av kvar behovet for å tynne ut i "den grønne tunellen" er størst. Det gjeld ikkje minst ut mot Herøysund-grensen.

Tiltak- og rådgivingstenesta i kommunen har no søkt Sosial-og helsedepartementet om 500.000 kroner i stønad til å halda fram med prosjektet. Pengane skal nyttast til å dekkja løna til arbeidsleiar for mellom fire og åtte ungdommar samt nødvendig utstyr. Førebels går fire på motorsagburs og det er ansatt ein person i halv stilling som leiar gjennom Styrkeløftet.

Ungdommar i alderen 16-30 år skal rydda skogen og selja han som sekkved.

Kommunen skal dekkja 153.000 i prosjektet. Kommunen, skogeierlaget og grunneigarane skal bidra med til dømes traktor, vinsj og vedklyvar.

Prosjektet er i første omgang meint å vera eit tilbod til unge som har eller er i faresona for å utvikla rusproblem, heiter det i søknaden til departementet. Det skal gjelda personar som har falle utanfor arbeid og utdanning. Dei har lite arbeidserfaring, har problem med å møta opp til avtalar og halda på ein jobb og dei har motteke økonomisk sosialhjelp over tid.

Miljø-/feltarbeidarar har oppfølginga av ungdomane. Dei informerer om og tilbyr samtaler, fritidsaktivitetar, nettverksjobbing, behandling og rehabilitering. Men dette prosjektet kan tilføra det som manglar i tilbodet i dag: tilrettelagt arbeidspraksis.

Seinare, når denne første gruppa er godt etablert. kan dette vera eit tilbod også til elevar som har problem med å følgja undervisninga på ungdomsskulen og som difor står i fære for å utvikla eit rusproblem.

Av Ola Matti Mathisen



Og slik kan du no nyta panoramet når du fer forbi Kvednavikjo på riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)